



Arne Magnar Kvamme  
Kvamsvegen 17  
5911 ALVERSUND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1348 - 18/32069

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

23.10.2018

## Melding om vedtak i Plan- og miljøutvalet - gbnr 142/3 Kvamme øvre

Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 17.10.2018, der følgjande vedtak vart fatta:

«Lindås kommune sitt vedtak datert 26.06.2018 der det vart gjeve avslag på søknad om dispensasjon for frådeling av bustadtomt vert oppheva. Klagen vert tatt til følgje. Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert det gjeve løyve til dispensasjon frå LNF-føremål for frådeling av parsell til bustad på følgjande vilkår:

1. Før det kan gjevast løyve til deling etter plan og bygningslova må:

- a. Gbnr 142/9 vere samanføynd med gbnr 142/3
- b. Det vert gitt bruksending frå fritidsbolig til anna landbruksformål på gbnr 142/9.

### Grunngeving:

Plan og miljø ser fordelane med å gje dispensasjon som klart større en ulempene. Det blir betre sikkerhet på gardstunet når ein tilbakefører gbnr 142/9. Dette med bakgrunn i større areal til å kunne utvida eksisterande vegar, arbeidsareal og framtidig utvikling av driftsbygning. Tiltaket gjer ikkje negativ verknad på miljø. Det gjer eit positivt bidrag på helse når fleire generasjonar kan bu saman og lenger i egen heim, i tråd med overordna politikk. Tiltaket vil også bidra positivt til vidare drift og derfor også oppretthalda kulturlandskapet. Landbruksarealet vert ikkje fragmentert då arealet ligg i eit hjørne av eigedommen og ikkje kan haustast. Det tar ikkje stort areal av beitemark, og området vurderes som lite egna til landbruk. Det omsøkte tilaket tilsidesett ikkje overordna plan sitt formål, då det ikkje vert fleire bueiningar i planområdet med dette tiltaket. Tilbakeføring av gbnr 142/9 støtter sentrale mål om å finne andre driftsinntekter på gardsdrifta. Tiltaket støtter oppunder STRATEGI 39 samfunnsdel til kommuneplanen 2017-2029: Oppretthalde kulturlandskapet gjennom å leggje til rette for aktiv drift og ta vare på verdifullt landbruksareal. Det må vurderes å justere arealet opptil til grensa til naboeigedommen. PMU ser etter ei heilhets vurdering at fordelane med å gi dispensasjon er klart større en ulempene. PMU kan ikkje sjå at saka dannar presedens, då kvar sak om dispensasjon skal vurderast individuelt.

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



## **Framlegget vart samrøystes vedteke.»**

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Vi gjer merksam på at vedtak også sendast til Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Arne Magnar Kvamme

Kvamsvegen 17 5911

ALVERSUND